

## AREALMÅLING OG DEFINISJONAR

Hovudregel er at det vert gjort ei gjennomgåande oppmåling for kvart plan i heile bygget. (Unntak *kan* gjerast for større bygg/bustadblokk i skrånande terreng med hovudinngang til ulike plan i bygget).


Dei ulike etasjetypane er:

- Hovudetasje
- Underetasje
- Loft
- Kjellar

Ein bygningsdel er måleverdig når den:

- Har omsluttande vegg
- Har fri høgde på minst 1,9 m. over golv i ein bredde på minst 0,6 m.


**Målereglar (jf brukarbok for matrikkelklienten til Statens kartverk versjon 1.):**



### **Kjellar (K):**

Eit plan der underkant dekke eller himling er høgst 0,75 m. over planert terreng i gjennomsnittsnivå rundt bygningen.

$$\text{Areal} = \text{lengde} * \text{bredde}$$



### **Underetasje (U):**

Eit plan der underkant dekke eller himling er høgare enn 0,75 m., men høgst 1,5 m. over planert terreng i gjennomsnitt rundt bygningen.


$$\text{Areal} = \text{lengde} * \text{bredde}$$



### **Hovudetasje (H):**

Eit plan der underkant dekke eller himling er høgare enn 1,5 m. over planert terreng i gjennomsnitt rundt bygningen., og der den frie breidda minst er 1,9 m. i ei høgde på 1,9 m.


$$\text{Areal} = \text{lengde} * \text{bredde}$$



### **Hovudetasje med skråtak**

Fri høgde må være større eller lik 1,9 m. i ein bredde på over 1,9 m. Arealet vert målt til 0,6 m. utanfor høgde på 1,9 m.

$$\text{Areal} = (\text{Bredde i høgde på } 1,9 \text{ m} + 0,6 \text{ m} + 0,6 \text{ m}) * \text{lengde}$$



### **Loft (L):**

Eit tilgjengeleg rom over øvste alminnelege etasje som ikkje oppfyller krava til alminneleg etasje. Fri høgde må være større eller lik 1,9 m. i ein bredde på minst 0,6 m., men ikkje breiare enn 1,9 m. Loftsarealet vert målt til 0,6 m. utanfor høgde på minst 1,9 m.

$$\text{Areal} = (\text{Bredde i høgde på } 1,9 \text{ m} + 0,6 \text{ m} + 0,6 \text{ m}) * \text{lengde}$$